

**Møtebok Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 01.04.20, klokka 1200-1315**  
**Stad: Videomøte**

**Deltakarar:** Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Roald Aga Haug, Irene Heng Lauvsnes, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen

**Forfall:** Kristoffer Amdal

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

**Sakshandsaming:**

**Sak 06/20    Meldingar**

**Vedtak:** Meldingane vert tekne til orientering

**Sak 07/20    Årskonferansen 2020 “Gjennom Ryfast til Sogndal”.**

Styret drøfta utsetjing av årskonferansen til hausten 2020 og kva datoar som kan vera aktuelle. Det vart også framsett forslag om å avlysa årskonferansen 2020 pga den usikre situasjonen vi har mht korona-restriksjonar og kva tid ein kunne forventa at desse vert letta på.

Styret drøfta avlysing og fatta slikt vedtak:

**Vedtak:** Årskonferansen 2020 vert avlyst.

Styret gjev administrasjonen i oppdrag å gå i dialog med Nasjonal rassikringsgruppe for å drøfta eit samarbeid om profilering digitalt via sosiale medier. Synleggjering vert svært viktig fram mot handsaming av NTP 2022-2033 våren 2021.

**Sak 08/20    Årsmøte 2020**

Årsmøtet 2020 skulle vore avvikla i samband med årskonferansen 27. april. Med vedtaket om å avlysa årskonferansen må årsmøtet avviklast som eige arrangement anten som nettmøte eller som ordinært møte.

I vedtektene for Fjordvegen Rute 13 står det i §5 at årsmøtet skal avhaldast innan utgangen av juni månad kvart år. Årsmøtet skal kallast inn med 2 vekers varsel.

Administrasjonen la fram forslag om at ein avventar til etter påske korleis korona-restriksjonane vert vidareført, før ein tek stilling til avviklingsdato og møteform for årsmøtet 2020. Av omsyn til ferieavvikling m.m. bør årsmøtet haldast seinast 19. juni. Det betyr at innkalling må sendast ut seinast 5. juni. Styret må ha eit eige nettmøte for å godkjenna årsmøtesaker. Dette bør skje ila april eller tidleg i mai.

**Vedtak:** Styret gjev styreleiar og dagleg leiar fullmakt til å fastsetja dato og møteform for årsmøtet 2020. Årsmøtet skal avhaldast innan utgangen av juni månad.

**Sak 09/20    NTP-uttalar**

Utkast av uttale til Vestland fylkeskommune var utsendt i forkant av styremøtet. Denne er i stor grad samsvarande med uttale som er sendt til Rogaland fylkeskommune.

**Vedtak:** Styret vedtek framlagte uttale som Fjordvegen Rute 13 sin uttale til Vestland fylkeskommune vedr. NTP 2022-2033.

Styret drøfta om selskapet skal senda uttale til Statens vegvesen sin NTP-rapport datert 17.03.2020. Uttalefrist for denne er 1. juli 2020. Styret ber om at administrasjonen utarbeider utkast til uttale. Denne vil verta handsama i same styremøtet som årsmøtesakene skal handsamast.

**Sak 10/20    Fast Post:**  
Gjennomgang av status for Rv 13

Ikkje handsama i møtet.

**Sak 11/20    Innmeldte saker/Ymse**

Ingen saker innmeldte.

Jostein Eitrheim  
Referent